

Kyrkjeblad for Lom

Nr. 2 2019

Bøverdalen - Lom - Garmo

78. årgang



Omvisartenesta er i gang att!

Omvisartenesta i Lomskyrkja starta opp mandag 13.mai.

Nytt for året er at omvisar gjennom fleire år, Sindre Banken, har teke på seg å administrere omvisartenesta gjennom sesongen, i tillegg til at han skal vera omvisar.

Her kjem ei oversikt over omvisarane denne sesongen. Med alder og språk dei har omvising på.

- Lars Bakkom (76 år. Tysk)
- Anna Moe (78 år. Engelsk)
- Aase Helland (79 år. Fransk)
- Magnus Mundal (25 år. Engelsk)
- Sindre Banken (24 år. Engelsk)
- Sindre Garmo (24 år. Engelsk)
- Wafaa Abou Assaf (33 år. Engelsk og arabisk)
- Idunn Maria Brosset (22 år. Engelsk og fransk)
- Hilde Granum (29 år. Engelsk)
- Jens Gunnar Øygard (17 år. Engelsk)
- Hallvard Helstad (19 år. Engelsk)

Lomskyrkja er ei brukskyrkje, og den vert stengd for turistar under kyrkjelege handlingar som vigsel og gravferd. Då er det vakt i porten, slik at det ikkje kjem turistar inn på kyrkjegarden.

Det er sjølv sagt gratis inngang for bygdefolket.

Opningstider:

- 13. mai - 09. juni kl. 10:00-16:00
- 10. juni - 18. august kl. 09:00-19:00
- 19. august - 1. september kl. 09:00-17:00
- 2. september -25. september kl.10:00-16:00

Blomefondtilsett

Også denne sumaren er Geir Aadne Lindsø tilsett som kyrkjegardarbeidar, fram til 31. september. Vi ynskjer han velkommen!



LOM KYRKJEKOMMUNE

Trefftid på KYRKJEKONTORET
3. etasje på Midtgard mandag til fredag
kl. 10:00 - 14:00

Postadresse: Postboks 177, 2688 Lom
Bankkonto: 2085 07 11772

LEIAR LOM KYRKJELEGE RÅD
Steinar Hov, tlf. 951 44 910
steinar.hov@gmail.com

SOKNEPREST

Ikkje tilsett, ta kontakt med kyrkjekontoret.
kyrkjeverje@lom.kommune.no

KYRKJEVERJE

Borghild Skarelven, tlf. 481 65 527
kyrkjeverje@lom.kommune.no

FUNGERANDE TRUSOPPLÆRAR

Guri Husom, tlf 481 65 528
kyrkjelydssekreter@lom.kommune.no

KYRKJELYDSSEKRETÆR

Guri Husom, tlf 481 65 528
kyrkjelydssekreter@lom.kommune.no

ORGANIST, KYRKJETENAR

Terje Blakarstugun

KYRKJETENAR

Jonas Fjeld
tlf. Lom kyrkje, 61 21 16 75
kl. 10:00 – 14:00

tlf. Garmo og Bøverdal kyrkjer,

400 62 194 kl. 10:00 – 14:00

kyrkjetenar@lom.kommune.no

BLOMEFONDET(merk "blomefond")
konto: 2085.07.11772

KYRKJEBLADET(merk "kyrkjeblad")
konto: 2085.07.11772

Bladpengar pr år:

Innanbygds: 150,-

Utanbygds: 200,-

Utanlands: 250,-

OMVISARTENESTA

Tlf. 97 07 53 97

booking.lomstavechurch@lom.kommune.no

KYRKJEBLAD FOR LOM

Redaksjonsgruppe: Anna Magni Larsen,
Anne Sulheim, Aud Kvamme,
kyrkjelydssekretæren og soknepresten

UTFORMING/SIDEOPPSETT
Ola Ø. Rossehaug & Guri Husom

TRYKK

Dale-Gudbrands Trykkeri as,
tlf. 61 27 73 50 lasse@dg-trykk.no

Framsidebilete: Ola Ø. Rossehaug

Presten sine tankar

Etter 5 år i Lom takkar eg no av som sokneprest. Det har vore 5 gode og interessante år. Og åra har gått jælma fort! Eg tykkjer det ikkje er lenge sidan eg stod i Lomskyrkja på mi fyrste messe – og no 2. juni vert det mi siste messe i same kyrkje for denne gongen.

Eg har trivst godt i prestegarden og har møtt mange hyggelege menneske i dei tre sokna – Garmo, Lom og Bøverdalen. Takk til dykk som har invitert meg heim på kaffe og middag – det har eg sett stor pris på. Når ein kjem einsleg til ein ny plass er det viktig at ein følar seg velkommen. Men som far og morfar har eg sakna borna og borneborna mine, som alle bur i Oslo. Eg har diverse sett dei so altfor sjeldan. Det er og hovudgrunnen til at eg har valt å flytta lenger sør, til Lillehammer.

Det å vera prest er å kjenna på pulsen i eit lokalsamfunn. Det er å fylge

menneske i både glede og sorg – og stundom kjem ein tett innpå folk sine liv og inste tankar. Eg har opplevd at det er mykje innestengde kjensler i bygdesamfunnet – og at dette ofte kjem til uttrykk gjennom psykiske lidingar, alkohol og rus.

Takk for gode opplevingar i lag med dykk – og takk for at de har teke meg i mot

Eg vonar at Lom kan verta betre til å leva opp til sin visjon – om å vera både gjestfri og nyskapande. Bygdedyret som Tor Jonsson skreiv om, er ikkje avgått ved dauden. Tvert om. Eg ser det er på ferde i vårt lokalsamfunn i dag og. Lom kommune har mange moglegheiter, og eg har ved fleire høve gjeve uttrykk for tankar og idear om korleis kommunen kan bruka desse moglegheitene. Eg tykkjer det er trist at ein ikkje har kome lengre med planane ved Loar. Her ser eg for meg eit levande og kraftfullt senter for både stavkyrkje, diktarhus og reiseliv.

Eg er stolt av at kyrkjelyden i Lom har fått bygd sitt eige kyrkjelydshus på kort tid. Her har politikarane i Lom mykje å lære! Fyrst foreslå ideen og så gjennomföra prosjektet! Bygginga av kyrkjelydshuset syner at det går an å få realisert draumane sine om ein har tru, gjennomslagskraft og sterkt vilje!

Eg vil nytte dette høvet til å takka alle dykk som eg har hatt samarbeid med i løpet av desse 5 åra i Lom. Takk for gode opplevingar i lag med dykk – og takk for at de har teke meg i mot. Takk til medarbeidarane mine – og ein spesiell takk til organist Terje for alle fine turar vi har hatt i lag. Takk til naboane

i Skjåk for mange trivelege opplevingar og i Nordberg og Skjåk kyrkjer.

Takk til lag og foreiningar, skular, barnehagar og kommune for samarbeid. Eg tykkjer det er viktig at kyrkja er ein naturleg samarbeidspartner i eit lokalsamfunn for både institusjonar, lag og kommune.


Når eg no flyttar til Lillehammer er det for å få nye utfordringar og impulsar som prest. Prestar trenger og påfyll og utfordringar i sitt daglege virke. Når det stundom ikkje har vore særleg mange folk til messer i Lom og arbeidet ikkje alltid har vore like enkelt – so går det utover motivasjonen. Eg har ofte sagt, at om folk ikkje brukar kyrkja si, so vil det på sikt føra til at også kyrkjer vert lagde ned og stengde.

Samstundes står tradisjonane sterkt i Lom – og dei kyrkjelege handlingane har djupe og lange tradisjonar i dei tre sokna. Men eg vonar at bygdefolket viser eit enda sterkare engasjement for si lokalkyrkje framover. Fyrste moglegheit til å vise eit slikt engasjement er ved kyrkjevalet til hausten. Møt opp og engasjer deg i kyrkja !

Det er sikkert ikkje alle som har vore begeistra for alt det eg har sagt og gjort i Lom. Å vera frittalande og engasjert er to ting som opptek meg. Som prest og borgar i Lom har eg engasjert meg i lokale spørsmål. Eg har flagga med VIF-vimpelen i prestegarden sjølv om det har provosert ein og annan. Det viktigaste er å vera seg sjølv og stå for noko. Takk for meg – og eg vonar at oss tålåst og sjåast!




TRUSOPPLÆRINGA



Sundag 24. mars gav vi bibel til 9-åringane som kom til Garmo og Bøverdal kyrkje.

Forteljingane i denne bibelen er laga som ein teikneserie, og er difor fengjande for denne aldersgruppa.

Vi brukar å invitere 10 åringane i Lom kyrkjekommune til påskeverkstad i god tid før høgtida. No i år er vi utan trusopplærar, difor spurde vi på Loar om 4. klasse kunne tenkje seg å laga litt pynt til påsketreet vårt.

Fredag før påskeferien kom dei til Lomskyrja med kjempefine tova påskeegg. Det vart nok pynt til eit tre inne i kyrkja og til eit som stod og ynskte folk velkomne i våpenhuset.

Ikkje alle som hadde laga pynt til oss var på skulen denne dagen, så det manglar nokre elevar på biletet.

Tusen takk til 4. klasse ved Loar!



Tårnagentsamling

Søndag 5. mai var 6 spente 7- og 8- åringer fra Lom i Nordberg kirke på tårnagentsamling. Vi startet i kyrkjestugu der spente unger fikk møte politiet i full uniform, og fikk lære hvordan man finner spor, tar fingeravtrykk og fotøyavtrykk. Det var storøyde og ivrige detektiver som fikk se avtrykk av fingrene og skoene sine!

Etterpå gikk vi inn i kirka. Her fikk ungene være med opp i tåret og se på klokkene. De fikk til og med lov å prøvē orgelet. Det var stor stas å få spille i kirka. Til slutt var det messe, der alle tårnagentene



Trusopplæringa framover

Tysdag 4. juni ynskjer vi oss besøk av mange 4 åringer bak Lomskyrkja. Då har vi invitert dei som er fødde i 2015 til å koma for å så frø. Er vi så heldige at det vert fine blomar av frøa våre, kan ungane få ta dei med til kyrkja når dei vert inviterte for å få 4-års boka si 20. oktober.

var med. Vi sang fine salmer og «Kven har skapt alle blomane?» var nok den beste. I løpet av messa var det kirkevandring, og vi kunne alle gå en runde i kirka.

Ungene bygde Babels tårn, de skrev en bønn eller et ønske og la i bønnekrukka, noen tente lys for noen de er glad i og tenker på, og noen la en mannakornblomst i vann. Det var spennende å se hvilket bibelvers som kom fram. Det var i alt 9 unger som koste seg i Nordberg kirke denne ettermiddagen.

Bente Kvamme



Messer utanom kyrkjene

Sundag 7. juli kl. 11:00 vert det utemesse på tomta til gamle Garmo kyrkje. Vi håpar på fint summarver denne dagen, med sosialt samvær og kyrkjekaffe etter messa. Hugs å ta med stol. Om kvelden same dagen, **7. juli kl. 19:00**, vert det musikkandakt i Medalen grendehus. Kyrkjekaffe etter andakta.

25. august kl. 12:00 vert det fjellmesse ved prestehytta ved Dalsvatnet. Vi har vore sære heldige med veret denne helga i fleire år, og håpar på det same denne hausten og. Det er så mykje trivelegare å sitja ute og drikke kaffe. Ta med stol.

Fasteaksjonen 2019

Vi vil rette ein stor takk for innsatsen til konfirmantane, føresette som stilte som sjåførar, tilsette og friviljuge for all hjelp rundt fasteaksjonen. Og ikkje minst ein takk til alle dykk som gav!

Summen vi fekk inn i Lom kyrkjekommune gjev reint vatn til 132 personar! Kjempebra!

- **Bøverdalen:** 3041,- 13,70 kr pr. innbyggjar
- **Garmo:** 5036,- 9,92 kr pr. innbyggjar
- **Lom:** 18356,- 11,09 kr pr. innbyggjar

Blomefondet og Vipps



Som mange andre har og kyrkja i Lom moglegheit for å betala med Vipps. Nytt av året er at ein og kan betala seg inn i blomefondet med Vipps. Dersom du ynskjer å stå på lista, lyt du ringa det inn til "koopen" på telefonnummer 992 11 665.

Vippsnummeret er 533520

Lom kyrkjekommune på vipps:

Ofring: 132954

Blomefondet: 533520



Dugnader

Etter at det no har vore nokså kaldt ei tid, håpar vi at våren snart kjem attende.

Alle tre kyrkjegardane er fine og i orden etter rakedugnadene. Det var godt oppmøte. Takk for hjelpa til alle som stilte opp! Ein takk til Bøverdalens bygdelag for kaffe-serveringa på dugnaden i Bøverdalens.

Med våren kjem og tida for plantedugnad på kyrkjegardane våre. Takka vera blomefondet kan vi få pynta på alle gravene, om det er pårørande i bygda eller ikkje. Så vi håpar at mange møter opp desse kveldane.

Det er ei hovudplante og to kantplantar på kvar grav.

- Lom kyrkjegard tysdag **4. juni kl. 17:00**
- Garmo kyrkjegard onsdag **5. juni kl. 18:00**
- Bøverdal kyrkjegard torsdag **6. juni kl. 18:00**

Vi ynskjer nye og gamle dugnadsfolk hjarteleg velkomne til trivelege økter, og byr på kaffe med «noko attåt».

Vil de leige kyrkjelydshuset?

Om nokon ynskjer å leige kyrkjelydshuset til store eller små møter, er det berre å ta kontakt med kyrkjekontoret. Det er sitjeplass til om lag 60 personar. Huset er utstyrt med eit stort og fint kjøken, og kan difor fint brukast til dåps-selskap, konfirmasjonslag og liknande. For pris eller andre spørsmål, ring på 481 65 528 eller kyrkjelydssekreter@lom.kommune.no

Ymse

Takk til:

Lom kyrkjelegeråd ynskjer å takke Ottadalen mølle a/s for raus støtte til kyrkjebladet.

Vi ynskjer og å takke vertskapet på Spiterstulen og i Glitterheim for gjestfreiheita dei syner i samband med messene vi får ha hjå dei i påskehøgtida. Vi håpar dette er ein tradisjon som er komen for å bli.

Takk for innsatsen:

Vi ynskjer alle velkommen til Lomskyrkja **2. juni kl. 11:00** for å takke av Einar som sokneprest i Bøverdalens, Garmo og Lom sokn. Lomsklangen deltek med song. Etter messa er alle velkommen til kyrkjekaffe på Fossberg hotell. Representant frå Lom kyrkjelegråd deltek og vil takke Einar for innsatsen.



Prestegardens kvinneforening

Prestegardens Kvinneforening har siste møte før ferien 11.juni.

Møteplan for hausten er som vanleg 2. tysdag i månaden, kl 1800-2000:
10. september, 8. oktober, 12. november og 10. desember.

Vel møtt til gamle og nye medlemmar!
Ta kontakt med Anna Magni Larsen tel 470 76 812, for meir informasjon.
Kvinneforeininga ynskjer alle ei velsigning sommartid!

Kyrkjekaffi i Bøverdalen 1. juni

Konfirmasjonsmessa i Bøverdalen 1. juni kl. 12:00 vert siste messa Einar har i Bøverdal kyrkje. I den anledning ynskjer Bøverdal bygdelag velkommen til kyrkjekaffe etter messa. Om du har vore på messe eller ei, er du like velkommen!

Olsok i Lom 2019

Mandag 29. juli



- Frå kl. 11: Opne hus i Presthaugen. ved Lom bygdamuseum .
- Kl. 13.00. Nordgard Aukrust. Program ved stiftinga Solrenning.
- Kl. 15.00. Vandring til Olavssteinen ved vasskanten på Synstnes. Frammøte hjå Trygve Husom på Uppigard Synstnes.
- Kl. 16.30. Omvising i Lomskyrkja ved omvisartenesta ved Lom kyrkjelege råd.
- Kl. 18.00. Olsokmesse i Lomskyrkja.
- Kl. 19.30. Olsokkveld i Glømsdalsstugu. Tale ved Ola Grøsland. Musikk ved Mari Midtli. Kaffe og biteti.

Olsok-arrangementa er eit samarbeid mellom Lom kommune, Gudbrandsdalsmusea ved Lom bygdamuseum, Nordgard Aukrust, Uppistugu Synstnes ved Trygve Husom, Lom kyrkjelege råd, og Lom heimbygdslag.

Årsmelding for Lom kyrkjelege råd

ORGANISERING

Lom kyrkjelege råd har ni medlemmar.

Steinar Hov (leiar), Per Morten Mork (nestleiar)
Torstein K Garmo, Eldri Bjørnstad Kolden,
Asbjørn Hansen, Marit Sletten, Randi Glimsdal Bakke
Arnstein Rusten (frå kommunen)
Einar Gelius (sokneprest)

Administrasjonsutvalet har fem medlemmar.
Frå fellesrådet: Asbjørn Hansen (leiar), Steinar Hov,
Randi Glimsdal Bakke
Frå arbeidstakarane: Terje Blakarstugun, Jonas Fjeld

Lom kyrkjelege råd hadde 5 møte og behandla 43 saker.
Administrasjonsutvalet hadde 4 møter og behandla 4 saker.

TILSETTE

Lom kyrkjelege råd har arbeidsgjevaransvaret for dei kyrkjeleg tilsette.
Rådet hadde 4 fast tilsette i 2018.

Faste stillingar:
Kyrkjeverje 75%, og 25% administrasjon for omvisarteneste : Borghild Skarelven
Kyrkjelydssekretær: 50% Guri Husom
Organist, 50% : Terje Blakarstugun
Kyrkjetenar Lom, Bøverdal og Garmo kyrkje, 100%: Jonas Fjeld
Kyrkjegardsarbeidar, 50%: Terje Blakarstugun
Trusopplærar: Stillinga var ikkje besett pr 31.12.18.

Kyrkjegardane

Det var bra oppmøte på både rake- og plantedugnadane. Friviljuge hjelp til med praktiske oppgåver som kaffiservering og bortkøyring av rusk som vert gjort ved rakedugnadane. Ved plantedugnadene kjem gartneriet i Skjåk med blomar. Det er ei hovudplante og to kantplanter til kvar gravplass som vert betalt frå Blomefondet. Vi takkar alle som bidreg til at dette let seg gjøre.

Det vart i løpet av sumaren sett opp nytt pumpehus med ny vasspumpe ved Bøvra nedanfor gamle Loar. Investeringa vart delt med Lom kommune. Nokre store bjørk inne på kyrkjegarden i Lom vart teke ned, og vi har fått fleire gode attendemeldingar på dette tiltaket. Ved kyrkjegarden i Bøverdalen vart hekken opp mot vegen klypt heilt ned. Nokre gravstader som ikkje har festar lenger vart sletta i løpet av året. Festeavgiftene er vedteke høgda

til 150,- pr. år. Vert gjeldande frå 2019. Festeavgiftene vert brukt til drifta av kyrkjegardane i Lom.

Rådet har også vedteke at det regulerast inn eit eige gravfelt på Kyrkjegarden i Bøverdalen for gravlegging av personar frå andre trussamfunn/religionar som ikkje kan gravleggjast på eksisterande gravfelt.

Kyrkjene og kyrkjelydshuset

Det nye kyrkjelydshuset vart vigsla 14.januar. Ny altarduk gjeven med bruk av gåver til Terje sin 60-årsdag vart og vigsla den dagen. Duken vart sydd av Torill Mork Smedsmo. Å ringe inn høgtider i alle kyrkjene er vanskeleg med 2 tilsette. Vi har vore glade for å få hjelpe til dette slik at klokkene vert hørt ved alle kyrkjene. Stemming av orgel vart og gjennomført ved alle kyrkjene.

Kyrkjebladet

I 2016 vart det eit samarbeid mellom kommunen og kyrkjebladnemnda som vi framleis har. Det har kome positive attendemeldingar på dette samarbeidet. Når vi òg ser på prisar før og etter, er det rimelegare sjølv om det er fleire sider vi trykker. Vi gav ut 4 blad dette året. I kyrkjebladredaksjonen kom det eit forslag om å vie eit nummer til kvar av kyrkjene våre. Fyrst ute i blad 3 var Bøverdal kyrkje. HeimbygdsLAGET ved Anne Sulheim bidrog med tekst og Ola Rossehaug tok bilete. I blad nummer 4 var det Garmo kyrkje sin tur. Torstein K. Garmo bidrog med teksta her. Vi har fått mange attendemeldingar på desse utgåvene. Berre skryt all vegen! Vi sender kyrkjebladet til 26 utanbygdes adresser. I redaksjonen sit Anna Magni Larsen, Anne Sulheim, Aud Kvamme, soknepresten og kyrkjelydssekretæren.

Omvisartenesta

Det totale besøkstalet for sesongen 2018 kom til slutt på 39 576 (41 392). Dette er eit bra besøkstal, sjølv om det var ein liten nedgang frå 2017.

Kyrkjeverja er leiar for omvisartenesta og har den daglege oppfølginga av omvisarane gjennom sommaren. Det vart tilsett 11 omvisarar. Dei eldste arbeider lite i hovudsesongen, men meir på våren og hausten. Enkelte grupper har ønske om særskilde språk, og det vert arbeidd for å få inn omvisarar med fleire språk enn engelsk. Elles har vi informasjon på mange ulike språk som vi lårer bort.

Omvisartenesta har eiga heimeside og eiga mailadresse for bestillingar.

Det vart halde brannøving med omvisarane og dei andre tilsette i juni.

Konfirmantarbeidet

saman med om lag 1000 andre konfirmantar. Konfirmantane i Lom kyrkjekommune reiste på HEKTA-leir i Håkonshall på Lillehammer andre helga i februar, Konfirmantane hadde undervisingsøkter i kyrkjelydshuset, der dei fleste starta med mat, sidan dei kjem rett frå skulen. Dei deltok i Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon, der innsamla pengar går til KN sitt hjelpearbeid for rent vatn til alle. Samtalegudstenesta 29. april er siste samlinga til konfirmantane før dei store dagane i mai/juni. Det vart 3 kjempefine konfirmasjonsdagar der veret stråla saman med festkledde ungdommar.

Nytt konfirmantkull starta med informasjonsmøte i juni og innskriving i august.

I oktober reiste vi på «bli-kjent» tur til Trondheim. Der starta vi på Vitensenteret, Vår Frue Kyrkje og litt shopping i sentrum, før vi avslutta dagen med god mat på Egon i Tyholt-tårnet. Sundag var vi i Nidarosdomen på Høgmesse. Vi fekk guida omvising før vi reiste heimatt til flaumen. Vi fekk ikkje alle konfirmantane heim den kvelden, men med god hjelp frå andre foreldre så ordna det seg med overnatting til dagen etter. Presentasjonsmessa var i Garmo kyrkje dette året, 4. november. Dei hadde undervisingsøkter der dei mellom anna planla ljosmessene, som er konfirmantane sine messer.

Trusopplæringa

Delar av året var vi utan trusopplærar, og fleire tiltak vart avlyst.

I februar delte vi ut teikneseriebiblar til 9 åringane. 8 ungar møtte opp i Bøverdal og Garmo kyrkje.

Tiltaket «Ljos vaken» og «framleis ljos vaken» vart gjennomført ved prestehytta ved Dalsvatnet, med veldig god hjelp av foreldre. 15 ungar tok del i opplegget.

20. oktober inviterte vi 5 åringane til bakedag i kyrkjelydshuset. 11 ungar kom og hadde ein triveleg dag saman.

21. oktober delte vi ut 4 års boka i Lomskyrkja. Dette er det eldste og mest populære av tiltaka vi har. 15 av 18 ungar fekk bok denne dagen.

Til utdelinga av kalender til 3 åringane i Bøverdal kyrkje kom 13 av 23 ungar. Pynting av Lomskyrkja med 4 klasse fekk vi og til før jul.

Garmo barnehage kom på besøk til Garmo kyrkje og pynta både tre og krybba vår.

Vi kosar oss saman med ungane når vi treffest slike dagar.

Diakoni

Den årvisse kyrkjelydsturen var planlagd til Maihaugen sundag 17. juni, men grunna for få påmelde vart den avlyst.

Det har vore kyrkjekaffe etter fleire messer i alle tre sokn. Ein kaffekopp og eit kakestykke over ein liten prat, er noko folk uttrykkjer at dei set pris på. I november fekk vi ordna til fest for dei frivillige som har hjelpt oss siste åra. Kristin Gjerde Langlais kom og laga gryte til oss av kortreist elg, med mykje godt tilbehør. Og det vart sjølv sagt gode kaker til kaffien. 32 personar kom og vi hadde ein triveleg kveld der fleire tok ordet. Jamvel «gamlepresten», Synnøve Sakura Heggem vitja oss og sa nokre gode ord.

Ressursbruken

	Rekneskapen 2018	Budsjett 2018
Driftsinntekter	5.223.952	5.100.600
Driftsutgifter	4.816.932	5.101.100
Finansinntekter	12.634	500
Netto driftsresultat	419.654	0
Bruk av avsetningar	1.130.926	1.034.965
Avsetningar	1.061.373	1.034.965
Rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot)	489.207	0

FOND

Fond knytt til Lom kyrkjelege råd var pr 31.12.18:

Bundne driftsfond, heile kr	2018	2017
Blomefondet	147.694	235.894
Orgelfond Garmo	373.882	109.735
Kyrkjebladet	22.302	30.062
Hilda og T.T Garmos Legat	7.066	7.028
J. Slettedes Minnefond	22.563	22.439
Midler til trusopplæring	26.246	0
Ubundne disposisjonsfond		
Disposisjonsfondet	1.123.972	503.991
Kyrkjegardsfond	100.842	100.842
Vedlikehald kyrkjer	93.697	93.697
Kateketstilling	175.894	175.894

FOND

Fond knytt til Lom kyrkjelege råd var pr 31.12.18:

	Bøverdalens sokn	Lom sokn	Garmo sokn
Dåp	14 (11)	1 (1)	0 (3)
Vigsel	9 (11)	1 (0)	1 (1)
Gravferd/urnenedsetting	20 (27)	11 (6)	3 (4)
Messe sør og heilagdag	18 (21)	8 (10)	11 (11)
Andre messer (helseheimen)	11 (9)	2 (2)	2 (3)
Konsertar/Musikkarr.	4 (2)	2 (1)	1 (0)

Di stemme tel i Kyrkjevalet

Er du ein av dei 3,7 millionane som er medlem i Den norske kyrkja? Då er stemma di viktig i Kyrkjevalet! Når du stemmer, gir du ein tommel opp til den lokale kyrkjelyden din, og du er med på å bestemme kven som skal leie den framover.

Korleis hadde lokalsamfunnet vårt sett ut utan kyrkja? Korleis ville landet vårt vore utan ei folkekyrkje? Kyrkja er til stades over alt i Noreg. Den tek del i kvardagsliva våre og ved større og mindre hendingar i livet. I sorga og festen, i trøysta, songen, leiken og gleda. Kyrkja er open for alle, frå vogge til grav. Kyrkja har rom for deg!

Korleis vil du at kyrkja skal vere? Ved Kyrkjevalet 8.-9. september har du høve til å påverke: På same tid som det er val til og kommunestyre og fylkesting og i eit vallokale like ved, kan du også stemme fram kven som skal leie kyrkja på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Du kan også stemme på førehand frå 10. august til 6. september. Dette skjer på kyrkjekontoret på Midtgard.

To val

Kyrkjevalet er to val: Du kan stemme på kandidatar til soknerådet og til bispedømeråd og Kyrkjemøtet. Til soknerådsvalet i Bøverdalen, Lom og Garmo har ein gjeng flotte medlemer sagt ja til å vere kandidatar til Lom kyrklege råd og leie kyrkjelydane dei fire neste åra. Dette er eit fleirtalsval, der du har høve til å gje inntil tre kandidatar ei ekstrastemme. Kandidatane med flest stemmer blir med i rådet.

Vedval til bispedømeråd og Kyrkjemøtet i Hamar bispedøme stiller Bønnelista, Nominasjonskomiteens liste og Åpen folkekirke lister. Dette er eit forholdstalsval, der den endelige samansetjinga av rådet speglar både kor mange stemmer som gjekk til kvar enkelt liste og til kvar kandidat. Veljarane kan gje ekstra stemme til tre kandidatar og i tillegg flytta over inntil tre namn frå andre lister til den lista dei stemmer på.

**Kyrkjevalet
8.-9. sep. 2019**

Kvart av dei elleve bispedøma i landet vårt har eit bispedømeråd. Rådet tilset blant anna prestar og leier bispedømet saman med biskopen. Medlemene av bispedømerådet er også medlemer av Kyrkjemøtet, det øvste representative organet i Den norske kyrkje.

Frå juss til gudsteneste

Arbeidet til soknerådet og bispedømerådet spenner over mange tema. Det kan vere barne- og ungdomsarbeid, juss og økonomiforvaltning, tilsetjingar, gudstenester, miljø og rettferd, omsorg, musikk og misjon. Råda skal sørge for vekst og næring til kyrkja og lokalsamfunnet der du bur.

Fyrste veka i august får alle medlemene i Den norske kyrkja eit valkort og ein brosjyre om valet. Følg med i postkassa, møte opp og stem!

Les meir om kandidatane til soknerådsvalet her i bladet, eller både vala på www.kyrkjevalet.no

Godt val!

Visste du at...

- Ved kyrkjevalet i 2015 stemde 520 323 kyrkjemedlemer. Det var ei rekorddeltaking på 16,7 prosent.
- Ca. 3,1 millionar nordmenn har rett til å stemme ved Kyrkjevalet 8.-9. september.
- Du må vera døypt for å vera medlem i Den norske kyrkja.
- Ungdom har stemmerett i Kyrkjevalet frå året dei fyller 15.
- Eit sokneråd har 4-10 medlemer, i tillegg til soknepresten. Medlemene har ulik utdannings- og yrkesbakgrunn og mange er også aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet.
- Til saman skal 7.000 rådsmedlemer blir stemde inn i Kyrkjevalet 2019.

NOMINASJONSLISTER

Bøverdalen sokn	Lom sokn	Garmo sokn
1 Mina Rigmor Marstein - 1962	Bente Sulheim Ovesen - 1951	Arild Løken - 1965
2 Magnhild Synnøve Skamsdalen - 1949	Borgny Mundhjeld - 1946	Helge Husom - 1960
3 Olav Dagfinn Kvålshagen - 1957	Jehans Bakke - 1988	Bodil Kleiven - 1967
4 Ragnhild Anne Åmot Kveen - 1951	Runa Smedsmo - 1976	Terje Odde - 1955
5 Lars Liulf Stee - 1969	Liv Husom - 1955	Kari Langøygard - 1946
6 Oluf Reidar Kvålshagen - 1954	Oddveig Moen Nordal - 1965	Jon Kleiven - 1962
7 Heidi Fagersand - 1970	Mariann Helstad - 1967	Kari Helen Brimi Haugen - 1947
8	Per Morten Mork - 1967	

Heim og ætt

Døpte:

Lom:

02.12.18 Estin Borgen Krøkje
30.04.19 Vårin Dagsgard-Marstein

**Garmo:**

02.12.18 Willie Rusten
24.03.19 Hans Martin Stokke

Bøverdalen:

24.03.19 Anna Nordlie Garmo

Jordfesta:**Bøverdalen:**

07.05. Torbjørg Runningen f. 1930

Garmo:

22.03. Eva Borgengaard f.1936

Lom:

21.05 Mari Bergheim f. 1929

24. 05 Peder Hosarøygard f. 1938

24.05 Else Eklebakken f. 1945



I førre utgåva vart det med feil informasjon om Haagaa-benken. Dette orsakar vi så mykje! Håkon Dalen oppklarar:

RETTING HAAGAA-BENKEN

I første utgave av Kyrkjebladet i Lom, 2019, side 14 der Haagaa-benken står omtala, står det "Dette fekk Rasmus Elvesæter(Haagaa) slutt på når han fekk saga til eigen inngang til sine"

Dette er teke heilt ute av samanhengen, og undertegne ber om at dette blir retta ved første høve.

Rasmus Elvesæter har ingen ting med Haagaa å gjera.

Historia er som følger:

Knut Rasmussen Nordahl kjøpte Haagaa av kongen(oldefar til Haagaabarna). Knut Rasmussen Nordahl gjekk inn avtale med presten Aars om inngangen til benken. Og skrev en avtale ligg i Haagaa den dag i dag, samt den utsaga delen av benken. Haagaa var i si tid ein kapteingard, så slik var vel opphavet til benken.

Det er nesten same feilen som står i Bergomsboka der eit bilet står som ukjent. Og så er det Rasmus Nordahl Haaga som biletet er av som var ordførar i Lom. og som det er biletet av i Lom kommune.

Lom, 27 mars 2019,
Håkon Dalen

Om kyrkjebladet

Kyrkjeblad for Lom vert sendt ut til alle husstandar i kyrkjekommunen. Bladet kjem ut med fire nummer i året. Ein gong i året vil de finna giro vedlagt for bladpengar.

Ikkje gløym å skriva inn namn og adresse når du betalar.

Har du gløymt å betala inn? Vi set stor pris på om de betalar inn snøggast råd!

Vi ynskjer å takke kvar einskild som har støtta bladet dette året og oppmodar alle heimar om å støtte kyrkjebladet for Lom. Vi set og stor pris på at mange utanbygdes abonnerar på bladet!

Frist for innsending av stoff til neste kyrkjeblad er 1. aug 2019!


Kyrkjelydstur

Måndag 17. juni til Fjærland.

Vi reiser til Stryn, Olden, Skei, Fjærland og heim att over Sognefjellet. Åge Mundal vil vera med oss i Fjærland. Vi kjem attende med detaljert program og pris seinare. Påmelding til Terje, tlf. 61 21 16 75 innan 1. juni.
Arr. Lom kyrkjelege råd.


Boka om Lom kyrkje

**Er du i beit for kva bok du skal lesa i sommar? No er det ikkje lenger tvil: Sikre deg eit eksemplar av boka om Lom kyrkje medan vi framleis har att!
Det er ingen upris på boka: for kr. 50,- er ho di!**



Glimt frå tidlegare årgangar

KYRKJEBLAD



FOR
LOM

Nr. 5 * Juni/Juli 1988 * 47. årg.

Ein annan «stafett for alle»

Dei råka til å få ein fin ide dei som kom på tanken om å skipe til «Stafetten for alle». Det er kombinasjonen av mange og varierte etappar som gjer denne stafetten så fasinerande og spesiell.

Fleire bygder vert bundne saman gjennom den lange ruta stafetten fylgjer, – deltakarane er i ulik alder, born og vaksne, jenter og gutter, – varierte og mangfaldige etappar. Det er lagt vekt på at dette skal vere ei idrettsutfalding som skal styrke all-aktiviteten. Alle kan vera med, det er mest om å gjera å delta, ikkje først og fremst å vinne eller setje rekordar.

Ein stafett er i alle former ei idrettsøving som byggjer på ein fin ide. Der er fleire saman om å nå eit felles mål, alle er med og gjer sitt til at målet blir nådd. Heilskapen er avhengig av kvar einskild, og den einskilde er på si etappe med og syter for eit best mogeleg resultat for eit fellesskap, eit lag.

Eit slikt stafettopplegg kan vera ein modell for fellesskap og samarbeid på så mange område i livet. Vi er avhengige av at kvar einskild gjer sin innsats på sin plass. Vi må lære å stole på kvarandre, vi må vere viljuge til å innordne vår individuelle innsats under heilskapen og det sams målet vi kjempar for å nå.

Legg vi «stafett-modellen» som mönster på arbeidet i kyrkjelydane våre, er det lett å sjå kor rett og ideelt ein slik modell høver nettopp på arbeidet der. Vi er avhengige av at fleire går saman om oppgåvene. Den same

skal ikkje gjera alt. Det er ulike oppgåver tilpassa ulike personar etter som kvar har evner og nådegåver til. Om ein har ei kort og lett etappe, eller ei lang og tung, er ein like viktig i samanhengen for å nå målet.

Ei viktig side ved stafetten er vekslingane. Når den eine har fullført si etappe, står den neste reide til å ta over. Slik må det og vera i kyrkjelydsarbeidet. Når ein arbeider har gjort sin innsats, og kreftene ikkje strekk til lengre, må nye og friske krefter stå ferdige og viljuge til å føre stafetten vidare. Ei anna side ved vekslinga er at der ein person med sine serlege evner og gåver har utført si teneste, skal ein annan føre arbeidet vidare med vekt på andre oppgåver. Det er ei slik «stafett-veksling» Paulus har i tankane når han skriv i 1. brevet til korintarane, kap. 3, v.6: «Eg planta, Apollos vatna, men Gud gav vokster».

Det er mange ulike arbeidsoppgåver og tevester i ein kyrkjelyd. Noko er slik at det må vera tilsette folk i oppretta stillingar til å ta seg av dei. Andre ligg og ventar på innsats frå friviljuge som gjerne vil ta sin tørn. Det er ikkje uvanleg å møte innvendingar og vegrirnar når ein spør nokon om å ta seg ei «etappe» i kyrkjelydsstafetten. Eg duger ikkje, eg passar ikkje til det, eg har ikkje tid eller lyst!

Du går glipp av ei stor glede om du let din etappe bli stående tom i denne stafetten. Og kyrkjelydens fellesskap og arbeid vil lide under saknaden av din innsats.

StH.

GUDSTENESTEPLAN

Jf. samarbeid med Skjåk: Dei helgene det ikkje er messe i Lom kyrkjekommune, er det som regel messe i Skjåk kyrkjekommune – og omvendt. Sjå meir informasjon under messeplanen. **Barnedåp let seg gjere på dei fleste messene våre.**

Laurdag 01.06.

BØVERDAL KYRKJE kl. 12:00. Konfirmasjonsmesse.
Offer til konfirmantarbeidet. Kyrkjekaffe v/ Bøverdalen
bygdelag

Sundag 02.06.

LOM KYRKJE kl. 11:00. Avskildsmesse. Kyrkjekaffe på
Fossberg hotell etter messa.

Sundag 09.06.

LOM KYRKJE kl. 11:00. Offer til Prestegardens
Kvinneforening

Mandag 17.06.

Kyrkjelydstur til vestlandet (sjå eigen rubrikk i bladet)

Sundag 23.06.

LOM KYRKJE kl. 11:00. Messe med barnedåp. Inga
ofring.

Sundag 07.07.

GAMLE GARMO KYRKJETOMT kl. 11:00. Utemesse.
Kyrkjekaffe. NB.Ta med stol. Inga ofring.

Atterhald om endringar i gudstenesteplanen: Sjå fast annonse i Fjuken, i kalenderen hjå lom.kommune.no.
Lom Kyrkjekommune. Messer i Skjåk kyrkjekommune finn du her: <http://skjaak.kirken.no/>

Sundag 07.07.

MEDALEN GRENDEHUS kl. 19:00. Songandakt med
kaffistund etterpå. Inga ofring.

Sundag 21.07.

LOM KYRKJE kl. 19:00. Offer til Frelsesarmeen

Laurdag 29.07. Olsok

LOM KYRKJE kl. 18:00. Offer til Himalpartner.

Sundag 11.08.

LOM KYRKJE kl. 11:00 Messe med barnedåp. Offer til
kyrkjelydshuset.

Sundag 25.08.

PRESTEHYTTA VED DALSVATNET kl. 12:00. Utemesse.
Kyrkjekaffe. NB. Ta med stol! Inga ofring.



**Kyrkjevalet
2019
8.-9. sep.**



Lomseggen upp

Eggjapiken * 1531 moh.

Laurdag 15. juni 2019

Bli med på 1154 høgdemeter frå stavkyrkja til Breheimen!


Start: ved Lom Ungdomsskule 377 moh

Mål: Eggjapiken 1531 moh i Breheimen Nasjonalpark

Klasser: trimklasse kl 10 konkurranseklasser kl 11

<http://lomseggenupp.no>

Arrangør: Lom IL Skigruppa, epost: info@lomseggenupp.no



Leik i Lom
Aktivitetsdag i startområdet til LomseggenUpp

Laurdag 15. juni 2019 klokka 10:00



Lom Idrettslag arrangerar Leik i Lom i samband med Lomseggen Upp. Dette er blir ein uformell og trivelig dag med leik og konkurransar, lokale boder og grilling. Vi heiar deltagarane på Lomseggen Upp i gang, og fylgjer dei på storskjerm gjennom dagen.



Nytt av året er RODEOKSE! I tillegg blir det eit mykje større hoppslott enn i fjor, som har to skier.

Av andre aktivitetar blir det mellom anna:

- rebusloype
- smiling
- fuglekassesnekning
- frustrasjonspuslespel
- darklubben kjem
- fleire aktivitetar med ball



Lom kommune
2686 Lom
Sognsveg 6
Tlfon: 61 21 73 00

Tlfon: 61 21 73 00
Post@lom.kommune.no
lom.kommune.no

Lomsytt

Informasjon frå Lom kommune - nr. 2 2019